

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Tilskot til bustadtiltak i distrikta

Vi viser til søknad av 24.05.2023 om tilskot til prosjektet:
Samordning av sakshandsaming av startlånsordninga i Nordhordlandsregionen

Vedtak

Husbanken har vedteke å innvilge eit tilsegn om tilskot på **inntil kr 670 000** til ovannemnde prosjekt.

Tilskotet kan ikkje aukast sjølv om kostnadene blir høgare enn oppgitt i søknaden. Tilskotet kan bli redusert forholdsmessig dersom kostnadene blir lågare enn det som er oppgitt i søknaden.

Kort om prosjektet

Prosjektet skal få utredet om det er grunnlag for et samarbeid om behandling av startlån og hvordan dette kan løses. Videre skal de se på om nye samarbeidsformer bidrar til å øke tilgangen på egnede boliger for både eldre og barnefamilier i regionen. Tilskuddet skal brukes til å kjøpe kompetanse for å få de nødvendige utredningene som må til for om det er mulig med interkommunalt samarbeid på dette område.

Ein analyse av behovet og moglegheiter knytt til startlånsordninga i kommunane, herunder:

- Analyse av behov hos innbyggjarar
- Analyse av bustadmasse og areal for bustader

Ei juridisk utgreiing: det må avklarast kven som kan gjera enkeltvedtak i samband med startlånsøknader, og om dette kan gjerast utanom kommunen.

Vurdera kva ressurs kommunane treng for å løyse oppgåver knytt til startlånsordninga, og korleis dette arbeidet bør organiserast.

Sluttresultatet skal være en rapport med klare anbefalinger og muligheter kommunene har for interkommunalt samarbeide om startlån.

Oppfølging og dokumentasjon av læringsverdien av prosjekta vil avtalast nærare under oppstartsmøtet mellom tilskotsmottakar, Distriktssenteret og Husbanken.

Kva må de gjere vidare?

- **Akseptere vilkåra for tilskotet, signere og returnere heile tilsegnsbrevet pr. post.**
For å få tilskotet må de akseptere vilkåra ved å signere eitt eksemplar av dette brevet på siste side, og returnere **heile** brevet innan 4 veker frå de tok imot brevet.
 - Signert dokument blir sendt pr. post (vanleg postgang, ikkje pr. e-post). Adressa finn de øvst til venstre på side 1.

- Dersom fristen på fire veker ikkje blir overhalden, kan retten til tilskotet falle bort utan ytterlegare varsel.
 - Legg ved original eller stadfesta kopi av firmaattest som ikkje er eldre enn tre månader.
 - Dersom fullmakt til å signere er delegert til nokon andre enn oppgitt i firmaattesten, må de legge ved fullstendig delegasjonsvedtak som viser namn og tittel på vedkommande som har signaturfullmakt
- **Søke om utbetaling innan 15.11.2024**
De må sende inn søknadsskjema for å få utbetalt tilskotet. Søk om sluttutbetaling når prosjektet er gjennomført, seinast 15.11.2024. Sjå òg eige avsnitt «*utbetaling av tilskotet*» lenger nede i dokumentet.

Vilkår for tilskotet

- Det er ein føresetnad at tilskotet blir nytta i samsvar med opplysningar gitte i søknaden og dei vilkår som er gitte i dette tilsegnsbrevet.
- Dersom det skjer endringar i prosjektet i løpet av prosjektperioden, må endringane leggest fram for skriftleg godkjenning i Husbanken så snart dei er kjende.
- Husbanken har innsynsrett i alle opplysningar som blir brukte i samband med tildeling, utbetaling og rapportering.
- Tilskotet kan ikkje tildelast vidare utan godkjenning frå Husbanken
- Tilskotet kan ikkje nyttast til ordinære driftsutgifter.
- De må føre separat rekneskap for tiltaket som blir finansiert.
- Erfaringar og resultat frå tiltaket skal vere offentlege og må kunne presenterast og vidareformidlast offentleg. Det skal dokumenterast på ein slik måte at det kan formidlast til andre gjennom Husbanken sine kanalar, som Husbanken.no, nyheitsbrev og sosiale medium.
- Sluttleveransen skal vere gratis og fritt tilgjengeleg for alle.
- Husbanken kan på førespurnad be tilskotsmottakar om å formidle resultat frå prosjektet (vederlagsfritt) minimum 1 gong fysisk, og 2 gongar digitalt. Form og bidrag blir avtala nærare.
- Husbanken ønsker å sitte i referansegruppe for dette prosjektet

Utbetaling av tilskotet

Tilskotet blir utbetalt når prosjektet er fullført og mottakaren har levert rekneskap og rapportert. Utgifter til forsøk eller ein pilot kan etter søknad blir utbetalt over to år.

Ved delutbetaling må de dokumentere påkomne kostnader i prosjektet. Dette kan vere dokumentasjon på framdrift, påkomne kostnader, dokumentasjon av utført arbeid slik som timelister, midtvegsrapport mm.

Når prosjektet er gjennomført kan de søke om sluttutbetaling. Saman med søknadsskjemaet skal de sende følgande vedlegg:

- Dokumentasjon/sluttrapport som òg inkluderer eiga vurdering av måloppnåing. Sluttrapporten må innehalde eit samandrag som gir ei god oppsummering av prosjektet og oppnådde resultat.
- Sluttrapporten skal overhalde krava til universell utforming. Dokumentet skal formast i tråd med Uu-tilsynets tilråding for dokument på nettsider, [rettleiing finn de på Uu-tilsynets nettsider](#), uutilsynet.no.

- rekneskapsutdrag underteikna av prosjektleiar. Rekneskapsutdraget skal vere bekrefta med revisorattestasjon når tilskotet er på meir enn 500 000 kroner.

Bruk søknadsskjemaet [HB 8.S.28 «søknad om utbetaling av tilskot til bustadsosiale tiltak»](#) ved både del- og sluttutbetaling. Skjemaet kan lastast ned frå [Husbanken.no/brosjyrer/soknadsskjema/](https://husbanken.no/brosjyrer/soknadsskjema/)

Dersom Husbanken ikkje har teke imot søknad om utbetaling innan 15.11.2024, vil retten til tilskotet falle bort.

Løyvinga til Husbanken avgrensar kor mykje tilskot vi kan utbetale eit enkelt år. Vi tek derfor atterhald om at det er midlar til utbetaling når søknaden om utbetaling ligg føre. Ved mangel på midlar vil tilskotet bli utbetalt når løyvinga for det neste året er disponibel.

De kan sende søknad om del- og sluttutbetaling og andre generelle førespurnader til post@husbanken.no. Hugs å påføre saksnummer og kva for eit prosjekt det gjeld i emnefeltet.

Tilskotet kan falle bort eller bli kravd betalt tilbake

Husbanken kan stanse utbetaling eller krevje at mottakar heilt eller delvis betalar tilbake tilskot dersom

- a. tilskotet ikkje blir brukt i tråd med forskrifta og vilkår i tilskotsbrevet
- b. tildelinga av tilskot bygger på uriktige opplysningar frå søkar
- c. tilskotsmottakaren ikkje leverer rapport eller rekneskap innan fristen
- d. rapport eller rekneskap ikkje gir tilstrekkeleg informasjon for å vurdere om krava i forskrifta og tilskotsbrevet er oppfylt
- e. heile tilskotsbeløpet ikkje blir nytta.

De har rett til å klage på dette vedtaket

Klaga må vere skriftleg og underteikna. Fristen for å klage er tre veker etter at du tok imot dette brevet. Dersom ikkje klaga inneheld taushetsbelagde opplysningar, kan de sende ho til post@husbanken.no. Inneheld klaga sensitive opplysningar må de sende ho til postadressa vår.

Aktuelt regelverk

- [forskrift om tiltak til bustadtiltakrettleiing for tilskot til bustadtiltak](#) Løyvingsreglementet § 10.
- forskrift om klagenemnd for Husbanken
- forvaltningslova §§ 29–34 og § 18

Kontakt med Husbanken

Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart. Ved førespurnader til Husbanken ber vi om at saksnummer/referanse blir oppgitt. Vi ønsker lykke til med arbeidet!

For oppfølging i Husbanken: Olav Ohnstad

Telefonnummer: 55306602 / 995 30 626

For tilskotsmottakar: Trude Bruket – Region Nordhordland IKS

Telefonnummer: 970 19 893

Vennleg helsing
HUSBANKEN

Anne Maria Langeland
Direktør

Roger Olsen
Seniorrådgiver

Aksept av vilkår for tildeling av Tilskot til bustadsosiale tiltak:

Tilskotsmottakar Masfjorden kommune aksepterer vilkåra i tilskotsbrevet ovanfor for å ta imot tilskot på inntil kr 670 000 inklusive meirverdiavgift.

Tilskotet skal utbetalast til kontonummer: _____

Stad_____
Dato_____
Stempel og underskrift av ordfører *_____
Gjentakast med blokkbokstavar

*Dersom fullmakt til å signere er delegert må det leggest ved fullstendig delegasjonsvedtak (namn og tittel).

Frist: Heile vedtaket og signert aksept av vilkår returnerast pr. post **innan fire veker** etter at vedtaket er motteke.

Adresse: Husbanken
Postboks 1404
8002 Bodø